



TILLEGGSINNKALLING 2

Utval: Formannskapet
Møtedato 19.10.2017
Møtetid: Kl. 15:00 - 15:00
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Frøland, Knut Harald
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
042/2017	11/117	Høyringsuttale - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegsnettet	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Aandahl, Roald	Arkivkode: FA - Q00
Arkivsaksnr: 11/117	Løpenr: 17/9332
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	19.10.2017	042/2017

Høyringsuttale - Forslag til investeringsprogram for fylkesvegsnett

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Uttale til «Forslag til investeringsprogram for fylkesvegsnett» vært sendt som skildra i saken.

Kva saka gjeld:

Samnanger kommune arbeider aktivt for å fremje gjennomgåande trafikksikre løysingar, som skal auke gang- og sykkelandelen av transportarbeidet. Målsetting på sikt er at Samnanger skal ha eit tilfredsstillande gjennomgåande tilbod for mjuke trafikantar langs heile hovudfylkesvegsnett i kommunen.

Syklistar i Samnanger har svært ulike føresetnader og behov. Transportsyklistar bør ha gode løysingar med kurvatur minst like god som vegnett, mens turistar kan ha meir nytte av opplevinga av turen. Barn på skuleveg skal ha ein tilfredsstillande trafikksikker løysing, og det bør leggjast til rette slik at gang og sykkel vert det naturlege transportvalget mellom målpunkt i kommunen som skule, fritidsaktivitetar med meir.

For å få til ein heilskapleg løysing er det viktig at me arbeidar aktivt på alle nivå. Det er forslag til ny kommuneplan lagt rekkjefølgjekrav på nye bustadområder. Desse skal sikre at tilfredsstillande løysing for gåande og syklande vert etablert før utbygging kan finne stad. Dette løysar mykje, men me står då igjen med fleire strekk langs hovudfylkesveg med svært mangelfull løysing. Kommunen ønskjer her dialog med vegeigar om kva for standard og ambisjonsnivå som skal liggje til grunn i planlegginga.

Ein del av tiltaka må løysast med ein gong, mens andre må inngå i ein langsiktig strategi. I denne høyringsuttalen fokuserast det på dei tiltaka som etter kommunen sitt skjønn ikkje kan vente lenger, og som bør vere med i investeringsprogrammet for fylkesvegsnett.

Disse er:

1. **Gang- og sykkelveg frå kryss mot Eikedalen skisenter til Fossen bratte. (2 km)**

(2 km asfaltdekke)

Dette er eit prosjekt der kommunen vil leggje nytt avlaupsanlegg og ønskjer å starte regulering av gs-veg slik at me kan samkøyre prosessane og få ein best mogleg løysing. Det bur i dag 10 born på strekket som dagleg må nytte vegen med fartsgrense på 70km/t som einaste tilkomst til buss og vennar. I tillegg er Eikedalen eir regionalt viktig utfartsområde skisenter og eit stort tal på hyttar. Dette prosjektet vil og vere med å knyte den regionalt viktige turistattraksjonen Fossen bratte (Brudesløret) mot Kvamskogen og Hardanger.

2. **Gang og sykkelvegløysing frå Raunekleiva til Ådland**

(Planlegging 500.000,- totalkostnad avhengig av val av standard)

Kommunen arbeider for å betre tilhøva for mjuke trafikantar langs Fv. 7. Kommunen har i kommuneplanen sin arealdel som er til 2.g. offentleg ettersyn lagt inn arealbruk for fortau/gs-veg. Kommunen skal starte prosjekt med ny strandpromenade langs sjøen og gs-løysing vidare opp mot Raunekleiva og Hisdalen. Kommunen ønskjer at deler av dette strekket vært vurdert i planprogrammet slik at kommunen kan starte regulering av parsellen frå Ådland til Raunekleiva. Det er i dag ingen løysing for mjuke trafikantar på strekket og fartsgrensa er 80 km/t. Det er svært trafikkfarleg slik det ligg i dag, og seinast i sommar hadde me ein påkjørsel av syklist som resulterte i dødsfall. Me ønskjer her dialog med fylkeskommunen om val av standard. Resten av strekket skal også regulerast, men må utbyggast etter kommunen sin tilgang på fyllmasser frå nærliggjande tunnellprosjekt.

3. **Skuleveg frå Tysse til Gjerde.**

(Nytt dekke 1.000.000,-)

Skulevegen frå Tysse til Gjerde har eit svært dårleg tilbod til mjuke trafikantar. Helst ønskjer kommunen ein samanhengande tilfredsstillande løysing på heile strekket, men til denne høyringa søker me tilskot til ein punktvis utbetring av strekket frå Tysseelva til Indre-Tysse. Her er i dag fortauløysing lagt på metallrister på utsida av vegen (220m). Ristene er direkte farlege, opplevast som ein barriere og tilfredsstillar ikkje dagens krav til utforming. Det har vert rapportert fleire fall på grunn av at sko henger seg fast grunna for store hol i ristene. I tillegg er dekket tidvis glatt og sær ubehageleg å sykle på. For å oppgradere dekket til dagens standard er det trong for nye ristar. Dette er kostnadsberekna til om lag 1 million kroner.

Det ligg for disse prosjekta kommunal forventning om fylkeskommunal medfinansiering. Det er viktig å få avklart grad av fylkeskommunalt bidrag med tanke på mål om realisering i perioden.

Samnanger kommune meiner investeringsprogrammet oppfyller måla i regional transportplan på ein god måte innanfor dei gitte rammer.

Samnanger kommune har elles ingen merknader til investeringsprogrammet.